

Referat frå Årsmøte for Vennelaget for Lensmannsgarden

Reiestad 24. mars 2010 kl 19:00

Leiar Kjetil Skrettingland ønska velkommen til årsmøtet.

Det var 17 frammøtte, av desse 16 med stemmerett.

Saksliste

1. Val av møteleiar

Kjetil Skrettingland vart valt til møteleiar

2. Val av referent

Anny Hagesæter vart valt til referent.

Arnfinn Varhaug og Gjertrud Hobberstad vart valt til å signera referatet.

3. Årsmelding

Kjetil Skrettingland las opp årsmeldinga. Det var ingen kommentar og vart einstemmig godtatt.

4. Rekneskap

Årsmøtet godkjente rekneskapet utan kommentar.

5. Status i arbeidet

Gjennomgang ved Kjetil Skrettingland.

Sidan årsmeldinga vart skriven er løa morrbehandla. Reparering av murane på utsida av løa vil verta gjort med det første. Vidare arbeid må venta til byggjesøknad er behandla.

6. Arbeidsprogram for kommande styreperiode

Arbeidsprogrammet for 2010 liknar på arbeidsprogram for 2009 pga forsinkingar i arbeidet som skuldast utsetting av behandling av byggjesøknad.

7. Medlemskontingent

Noverande ordning utan medlemskontingent fortset.

8. Budsjett

Har ikkje utarbeid noko budsjett pga lite inntekter og utlegg.

9. Innkomne forslag

Det var ikkje kome inn nokon forslag til årsmøtet.

10. Val av styre

Desse vart valt ved akklamasjon:

Kjetil Skrettingland, leiar gjenval, 1 år

Anny Hagesæter gjenval, 2år

Hans Vagleik Jakobsen ny, 2 år

Eldar Odland, 1. varamedlem ny som varamedlem, 1 år, gjekk ut som nestleiar

Dei som ikkje var på val:

Solveig Aanestad

Frode Skretting

11. Val av revisor

Irene Hobberstad vart valt ved akklamasjon.

12. Val av valnemnd

Svein Borgen vart valt ved akklamasjon til ny medlem i valkomitèen for 3 år.

Dei som ikkje er på val er:

Guri Ånestad Sollesnes, 2 år igjen

Silje E. Varhaug, 1år igjen

13. Orientering frå komitèane

Komiteen for innsamling av historisk materiale

- Har samla inn gamle bilete frå lensmannsgarden
- Samla inn informasjon gjennom intervju
- Har utarbeidd ein foldar med informasjon om Lensmannsgarden
- Arbeider med å skriva eit meir utfyllande hefte om Lensmannsgarden
- Vil kjøpa inn digital fotoramme

Komitèen for innreiing og utsmykking

- Har hatt 3 møter og har starta opp arbeidet med det grunnleggjande førebunde arbeid ifh til tenkt bruk av lòa, lòa sitt særpreg, kombinasjon av gammalt og nytt, erfaringar frå tilsvarande bygg og liknande.

Byggkomitèen

- Har leia arbeidet i lòa.
- Byggjesøknad til kommunen og oppfølging av den
- Sender inn kommentar til reguleringplan. Vennelaget går inn for D som parkeringsalternativ.

Dugnadskomitèen


- Har skaffa folk og organisert dugnad.
- Grovarbeidet i lòa er unnagjort
- God dugnadsvilje og godt utført arbeid

14. Eventuelt

Informasjon om kommande møtet i Kontrollutvalet der administrasjonen si handsaming av politiske vedtak ang. Lensmannslòa skal ettergåes.



Anny Hagesæter referent



Arnfinn Varhaug på vegne av årsmøtet



Gjertrud Hobberstad på vegne av årsmøtet